

Viggo Sørensen
Institut for Jysk Sprog- og Kulturforskning
Aarhus Universitet
Niels Juelsgade 84
8200 Aarhus N

Rita Therkelsen
Roskilde Universitetscenter, Hus 3.2.3.
Postboks 260
4000 Roskilde

Brigitte Brinkmann Thomasen
Dansk Sprognævn
Njalsgade 80
2300 København S

Karen Thuesen
Institut for Nordisk Filologi
Københavns Universitet
Njalsgade 80
2300 København S

Ole Togeby
Institut for Nordisk Sprog og Litteratur
Aarhus Universitet
Niels Juelsgade 84
8200 Århus N

Sten Vikner
Institut for Lingvistik
Aarhus Universitet
Ndr. Ringgade, Bygning 327
8000 Århus C

Peter Widell
Institut for Nordisk Sprog og Litteratur
Aarhus Universitet
Niels Juelsgade 84
8200 Århus N

Anita Mai Ågerup
Dansk Sprognævn
Njalsgade 80
2300 København S

Relativsætninger. Forskellen på den der
starter med *som*, og den som starter
med *der*

Vort ældste poetiske sprog

Kategorial grammatik for dansk

Peter Widell og Mette Kunøe (udg.):
7. Møde om Udforskningen af Dansk Sprog
Århus 1999

ANBEHEITELSE – FLEIRE DANSK-TYSKE IMPORTORD I NYNORSK?

Av Gunnstein Akselberg (Universitetet i Bergen)

1 Innleiing: *anbeheitlese*-orda og nynorsken

1.1 *Anbeheitlese*-orda i nynorsken

I Danmark har det rådd eit skriftspråkleg anarki og ein talespråkleg absolutisme. Den offisielle ideologien er at skriftspråket er ein organisme som ikkje kan styrast, og difor må det utvikla seg fritt utan utidig språkplanlegging og regulering. Talespråket har derimot vorte utsett for hard regulering, utan at dette er særleg eksplisitt uttrykt i den offisielle språkideologien (jf. Kristiansen 1993 og 1996). Den danske skriftspråksdarwinismen står såleis i sterk kontrast til den danske talespråksplanlegginga.

I Noreg har språkreguleringa vore omvendt av den danske. Her rår det eit talespråkleg anarki og ei streng skriftspråkleg regulering, og gjennom vel 150 år har ein del av ordtilfanget i dansk språk vore uønskt i nynorsk skriftspråk. Ei gruppe ord har det vore større motstand mot enn andre, danske ord med tysk opphav, særleg ord sette saman med prefiksa *an-* og *be-* og suffiksa *-heit/het* og *-else* (tysk *-ung*), som t.d. *anmode*, *betingelse*, *sikkerheit/sikkerhet* og *begravelse*. I Noreg kallar vi desse orda for *anbeheitlese*-ord, og i mange norske språkmiljø vert desse orda sett på som erkedanske, og lærarane i skulen har slått hardt ned på slike feil i nynorsken. Berre nokre svært få av desse orda er tillatne i nynorsk skriftspråk, og då i tilpassa form, som t.d. *leilegheit*.

Kvifor er det så sterk motstand mot at desse orda skal få plass i den nynorske skriftnormalen, desse orda som er frekvente i alle norske dialektar, og kvifor er norske språkplanleggjarar så interesserte i å få *anbeheitlese*-orda inn i nynorsken akkurat no? I innlegget vil eg presentera nokre av svara på desse to spørsmåla og gje ferske eksempel frå den aktuelle språkstriden som desse dansk-tyske orda valdar.

1.2 Anbeheitlese-orda og Norsk språkråd

I det siste, så seint som i år (1998), har striden om *anbeheitlese*-orda blussa opp på ny, og grunnen er at Norsk språkråd arbeider med ei innstilling frå Fagnemnda for nynorsk om utviding av ordtilfanget i nynorsk, ei innstilling som var ute til høyring i ulike organ i vår.

Striden starta eigenleg i 1983 då det vart lagt fram ei innstilling om nynorsk ordtilfang, den såkalla Venås-tilrådinga, som hadde både ei fleirtals- og ei mindretalsinnstilling. Fleirtalet gjekk inn for ei varsam opning når det gjeld å tillata ord med førefestet *før-* og etterfestet *-heit*. Mindretalet gjekk derimot mot ei slik opning, og presiserte at ein heller bør nytta "nynorske avløysingsord" (Særheim 1983).

Språkrådet vedtok at både fleirtalsinnstillinga og mindretalsinnstillinga, pluss kommentarar frå høyringsrunden, skulle liggja til grunn for det vidare arbeidet til Fagnemnda. Det skapte problem, og først i 1995 vedtok Språkrådet at fleirtalsinnstillinga frå 1983 om ei varsam opning for *anbeheitlese*-ord, skulle liggja til grunn for det vidare arbeidet.

I 1997 kom så Fagnemnda med framlegg om ei liste av såkalla forbodsord som burde inn i nynorsken (til saman 130 ord) (Årsmelding 1997:22–23, lista er også prenta i *Språkleg samling* 4.1997/1.1998:29). Då blussa striden opp på nytt. Til slutt i artikkelen har eg sett opp eit oversyn over dei 74 *anbeheitlese*-orda som finst i lista til Fagnemnda frå 1997.

2 Purisme

2.1 Purismetradisjonen i norsk – Ivar Aasen og Knud Knudsen

Purismen har stått sterkt i Noreg, både innom bokmålet og nynorsken. Knud Knudsen, grunnleggaren av den reformatoriske språklina i det førre hundreåret, og såleis grunnleggaren av riksmålet/bokmålet, var ein ivrig purist, og gjennom heile reformarbeidet hans går purismen som ein raud tråd. Han kom difor til å rekna fornorskingsordboka, *Unorsk og norsk eller fremmedords avlæsning* (1881), som hovudverket sitt.

Også Ivar Aasen, grunnleggjaren av den revolusjonære lina, og såleis grunnleggjaren av landsmålet/nynorsken, var purist. Han ville at ein skulle nytta ord av heimleg nordisk rot. Var det trong for nye ord, skulle ein nytta ut ressursane i språket til nylagingar, slik Knudsen gjorde i avløysingsordboka si. Idéen var at framandorda var ei ekstra bør for den vanlege lesaren.

Aasen var særleg mot germanismane. Han meinte at dansken hadde gått altfor vidt på

dette området ved å fordanska framandord ved omsetjing frå tysk, t.d. *Leidenschaft* ---> *Lidenskab*. Dei norske bygdemåla var ikkje så gjennomgripande fortyska som det svenske og danske skriftspråket, og heller ikkje bundne av nokon litterær tradisjon. Det nye norske skriftmålet kunne såleis stå mykje friare i høve til det germanske framandgodset enn svensk og dansk. Aasen ville ikkje eingong godkjenna alle dei tyske orda som fanst i dialektane, men utelet dei når dei kjendes mindre ekte (*anbefala*, *betyda*), eller han sette opp norske avløysarar ved sida av dei (*begynda* = *byrja*, *taka til*). I grammatiken sin hadde han difor med ei norsk orddanningslære og han skreiv også ein norsk synonymikk, *Norsk Maalbunad* (ferdig 1876, utgitt 1925).

2.2 Purismen i bokmål og nynorsk

Sjølv om den puristiske dimensjonen har vore sterk både i bokmålet og nynorsken, har tradisjonen vore forskjellig i dei to skriftmåla, særleg med omsyn til dansk påverknad. Den reformatoriske lina tok utgangspunkt i det danske skriftspråket i det førre hundreåret, og ved gradvis å skifta ut danske ord og dansk ortografi med norske ord og norsk ortografi, skulle skriftspråket i Noreg verta norsk. Ved skriftspråksreforma i 1907 vart riksmålet i prinsippet norsk, og ved reforma i 1917 var riksmålet i praksis vorte norsk. Frå og med desse to reformene har også bokmålet tatt opp i seg norsk ordtilfang, norsk morfologi og norsk ortografi, og det danske er borte, i stor grad. Berre i konservativt bokmål og i riksmål heldt danske former som *frem*, *dukke*, *bro*, *mave*, *sen* og *muld seg*. Og berre i riksmål finst danske former som *etter*, *nu*, *noget* og *meget*.

Landsmålet, som representerte den revolusjonære lina, var derimot i utgangspunktet norsk. Landsmålet var eit 'reinare' nordisk skriftmål enn nokon av dei andre skriftspråka i Norden med unntak av islandsk. Allereie i utgangspunktet slo difor den puristiske tanken sterkare rot i dei nynorske miljøa enn i bokmålmiljøa med omsyn til ordtilfang, ortografi, syntaks og språkbruk generelt sett. Eit ideal innom nynorsken har vore eit skriftspråk som reflekterer talemålet med t.d. liten bruk av framandord.

Ord med prefiksa *an-* og *be-* og suffiksa *-heit/-het* og *-else* har i særleg grad markert det dansk-norske trugsmålet mot nynorsken. Desse *anbeheitlese*-orda er i berre svært liten grad komne inn i nynorsk, medan dei derimot er tatt opp i rettskrivingsnormalen for bokmål.

Frå 1938-reforma bygde bokmålet på mange av dei same prinsippa som det nynorske

skriftmålet, m.a. folkespråket, medan bokmålet tidlegare hadde hatt det høgare talemålet i byane som norm for fornorskinga. Bokmålet hadde dessutan den norsk-danske skriftspråkstradisjonen og ta omsyn til. Dette førte til at *anbeheitlelse*-orda vart verande i bokmålet: dei fanst i det høgare talemålet, dei fanst i den dansk-norske skriftspråkstradisjonen og dei fanst, og finst, i dei norske dialektane.

I nynorsken har ein derimot sett annleis på desse orda; dei representerer sjølve trugsmålet frå bokmålet og norsk-dansken. I dag har vi dessutan fått ein nynorsk skriftspråkstradisjon og ein nynorsk litterær tradisjon der desse orda er meir eller mindre fråverande.

3 *Anbeheitlelse*-orda i nynorsk – kvifor motstand?

3.1 *Anbeheitlelse*-orda og kvardagsnorsken

Det kan synast merkeleg at *anbeheitlelse*-ord er blitt forbodsord eller fy-ord i nynorsken. Mange av dei andre lågtyske orda som det kryr av i kvardagsnorsken er komne inn seinare enn dei suffiksa vi ser på her, men dei orda er det ingen som har stilt spørsmål ved. Fleire av dei andre tyske importorda vert endå til sett på som heilnorske t.d. *skildra* og *prova* (Sandøy 1998:18).

Studerer vi ordboksutgåvene til Ivar Aasen, ser vi at også han nytta *anbeheitlelse*-ord (Nes 1983:50, 54, 76 og 80):

<i>an-</i>	Aasen 1850: 0	Aasen 1873: 0
<i>be-</i>	Aasen 1850: 16	Aasen 1873: 21
<i>-heit</i>	Aasen 1850: 33	Aasen 1873: 26
<i>-else</i>	Aasen 1850: ikkje granska	Aasen 1873: 27

3.2 *Anbeheitlelse*-orda og ordtilfanget i nynorsk

Det er mange og ulike grunnar til den sterke motstanden mot *anbeheitlelse*-orda i nynorsken.

Her listar eg opp nokre av dei viktigaste årsakene:

- 1 Aasen sitt syn og hans posisjon i norsk språkhistorie.
- 2 Purisme-tradisjonen etter Aasen, særleg perioden 1900–1950 då purismen stod sterkt.
- 3 Målpolitisk frykt for samnorsk, sjølv om nesten heile det nynorske leksikonet i dag finst i bokmålet. Argumentet har auka proporsjonalt med tilnærminga til bokmålet innan lyd- og formverket.
- 4 Påverknaden frå bokmålet, 'bokmåliseringa', som særleg vert symbolisert ved *anbeheitlelse*-orda.
- 5 *Anbeheitlelse*-orda er lett synlege, dei utgjer ei stor gruppe, og nokre av dei er svært produktive: *-heit* kan nyttast til substantiveringsmiddel for mest alle adjektiv (Nes

1983:24). Dette har gjort desse orda 'verre' enn andre importord.

- 6 Orda er blitt ei merkesak eller 'ein syndebukk' som mange kan samlast om. Dét er det verre å få til med einskildord.
- 7 Stilistiske vurderingar. Orda fører til ei substantivsjuke som er i strid med det verbale stilidealet i nynorsken.
- 8 Trykktilhøve. Orda er ikkje berre germanske, ord med prefikset *be-* og suffikset *-else* har dessutan trykktilhøve, som gjer dei endå meir framande.
- 9 Rettskrivingsordlistene si rolle:

[...] *rettskrivingsordlistene* med sin åttiårige tradisjon har spela ei stor rolle her, ja, eg vil meine at dei har hatt ein veldig innverknad på den skriftlege ordbruken til generasjonane som er oppseda på denne sida av hundreårsskiftet. I motsetnad til andre språk – medrekna bokmålet – har nyare rettskrivingsordlister tidleg utvikla seg til å bli kodeksar over kva for lånord ("tysk-danske", men ikkje framandord) som kan godtakast (Nes 1983:6).

- 10 Det sosiale grunnlaget for forbodslina har vore tungt. Fram til 1983 var det akademikarar og språkfolk, men òg nokre juristar og teologar, som forma forbodslina. Etter 1983 er det framleis akademikarar og språkfolk som representerer forbodslina, men situasjonen er meir nyansert no.
- 11 *Høgnorsken* (*det nasjonale*) har slått ned via skulen, fordi i skulen finst den største brukargruppa av ordlistene.

4 Offentleg regulering og rettskrivingsreformer

4.1 Offentleg regulering og rettskrivingsvedtak

I Noreg er det ein sterk tradisjon for offentlig skriftspråkregulering og skriftspråkplanlegging.

Fram til 1880-åra var norsk språkpolitikk eit individuelt ansvarsområde, men frå 80-åra vert språkpolitikken eit politisk ansvarsområde, og frå då av er det dei offentlege styresmaktene som har gripe inn i skriftspråkutviklinga. Til å byrja med greip det offentlege inn ved at tidsavgrensa personoppnemnde komitear fekk i mandat å laga utkast til rettskrivingsendringar, men frå 1950-åra vart det oppretta faste nemnder som skulle ta seg av slike spørsmål: *Norsk språknemnd* tok til med arbeidet sitt i 1952, og i 1972 tok *Norsk språkråd* over ansvaret for språkrøkta i Noreg. I formålsparagrafen til *Språkrådet* heiter det m.a. at *Språkrådet* skal

gi myndighetene råd i språkspørsmål, særlig når det gjelder språkbruken i skolen, i Norsk rikskringkasting og i statstjensten, uttale seg om prinsipper for normering av skriftspråket [...] og komme med forslag om lovgivning i språkspørsmål.

I vårt hundreår har vi hatt sju rettskrivingsendringar eller reformer: 1901 (berre

landsmål/nynorsk), 1907 (berre riksmål/bokmål), 1910 (berre landsmål/nynorsk), 1917, 1938 og 1959 (både bokmål og nynorsk) og 1981 (berre bokmål). Dessutan har det kome forordningar innimellom som t.d. våren 1996 om skrivemåten av anglisismar som har levd lenge i språket (t.d. *fait* for *fight*, *finisj* for *finish*).

4.2 Utvikling etter 1980

Fram til 1917 galdt arbeidet lausriving frå dansk, frå 1917 til 1959 galdt arbeidet tilnærming mellom nynorsk og bokmål på nasjonal grunn. Frå 1980 har det skjedd ei viktig endring i norsk språkpolitikk. I 1981 fekk vi ei ny reform for bokmålet som er eit klart brot med den politikken styresmaktene og språkplanleggjarane i Noreg hadde følgd konsekvent sidan 1. verdskrigen. Bokmålsnormalen vart i 1981 igjen opna for mange av dei tradisjonelle riksmålsformene som hadde vore utestengde sidan 1938. Dette er eit klart brot med folkemålstanken i bokmålet.

Ei rekkje tradisjonelle fonologiske former vart jamstelde med hovudformene i 1981-normalen, både slike som frå 1959 hadde vore sideformer, og slike som ikkje hadde vore tillatne sidan 1938: *frem*, *syd*, *bro*, *dukke*, *mave*, *sen*, *ren*, *muld*, *gulv*, *mel*, *grøt* osv. Men framleis skulle det berre heita *etter*, *snø*, *språk*, *nå*, *sju*, *tjue*, *hage*, *farge*, *hauk*, *røyk*, *stein*.

I nynorsken går ein derimot den andre vegen med å opna opp for fleire folkemålsformer i ordtilfanget.

5 Arbeidet med ny reform for nynorsk: utviding av ordtilfanget

5.1 Framlegg til opptak av gamle importord i nynorsk

Helge Sandøy, som er medlem av Fagkomiteen for nynorsk, går sterkt inn for opptak av *anbeheitlese*-ord i nynorsk, og for-argumenta til Sandøy er m.a. desse:

- a Nynorsken blir ikkje mykje endra. Opptaket av gamle importord vil berre utgjera 0.078% av ordtilfanget i *Nynorskordboka* (Sandøy 1998:19).
- b Dei tradisjonelle orda vert ikkje trengde ut og dei står seg svært godt (jf. *Nynorsk frekvensordbok*), særleg i skrifttradisjonen (Sandøy 1998:19).
- c Nynorsken vil ikkje stå svakare mot bokmålet dersom ein reknar at ord som *anbefale*, *betale*, *krets* og *uansett* er folkemålsord. Fronten bør heller gå mot bokmålsord som *beskjeftige*, *beferde* osv. Då vil nynorsken stå sterkare ved å ha oppnådd større samsvar mellom nynorsken og folkemålet (Sandøy 1998:23).
- d *Anbeheitlese*-orda er folkemålsord. Det er ikkje fruktbart å kalle desse orda

'bokmålsord'. I somme ord kan kanskje bokspråket ha vore førebilete, men mange av desse orda var i folkemålet lenge før vi hadde fått 'bokmålet', og lenge før folk flest i Noreg kunne lesa (dvs. dansk skriftspråk). I dag får vi også inn importord: *breikdans*, *fait*, *gaid*, *kaps* osv. Det er lite interessant å framstilla desse orda som 'bokmålsord' (Sandøy 1998:12).

- e Opnar vi for fleire folkemålsord i nynorskordbøkene, reduserer vi vanskane med å skriva nynorsk.
- f Vi gjer nynorskideologien meir truverdig når vi held det vi lovar at nynorsken ligg så nær opp til dialektane (Sandøy 1998:23).
- g Ved å ta utgangspunkt i faste retningslinjer, vert det lettare for brukarane å forstå normeringspolitikken som i dag verkar tilfeldig og ugripleg (Sandøy 1998:23)

Sandøy sine prinsipp for ordoptak i nynorsk er desse:

- 1 Folkemålsargumentet: Orda skal vera utbreidde folkemålsord (Sandøy 1998:10-12)
- 2 Nynorsk skriftpraksis: Orda skal alt vera i bruk i skriftleg nynorsk (heimla i *Nynorsk frekvensordbok*) (Sandøy 1998:12-14)
- 3 (Språk-)strukturelle restriksjonar: Ein skal ikkje ta opp ord på *-else* når ein kan la ord på *-ing* eller *-nad* eller i kortform ha same tydinga: t.d. *omgivelse* går ut av di har nemninga *omgjevnad* (Sandøy 1998:14-17).

5.2 Kvifor opptak av fleire *anbeheitlese*-ord i nynorsken no?

Det er mange og ulike grunnar til at ein vil ta opp mange av dei gamle importorda i nynorsken no:

- 1 Ordtilfanget er ufarleg.

Det er *språkstrukturen* som kjennemerkjer det nynorske skriftmålet i høve til bokmål. Denne strukturen ter seg i lydverket og særleg i formverket; langt mindre i setnings-bygnaden. Minst viktig er ordtilfanget. [...] Det finst titusenvís av framandord, særleg fagord, som fritt kan nyttast i nynorsk. På same lina burde prinsipielt lånord frå bokmålet (eller "tysk-dansk") kome. (Nes 1983:7).

- 2 Dansken er ufarleg i dag.
- 3 Tysken ufarleg i dag.
- 4 Ein er for lite oppteken av den engelske påverknaden.
- 5 Det er viktig å styrkja lojaliteten og identiteten til nynorsken.
- 6 Bygdekulturen har fått endra posisjon i det norske samfunnet.
- 7 Den urbane kulturen spreier seg.
- 8 Rekrutteringstrong. Det nynorske skriftmålet treng fleire brukarar.
- 9 Nynorsk må byggjast ut som skulemål.
- 10 Stagnasjonen og tilbakegangen for nynorsken må stoppast.
- 11 Dei nasjonale argumenta for nynorsken er ikkje gyldige lenger.
- 12 Nasjonsbyggingsargumenta er ubrukelege i dag.

- 13 Det multikulturelle Noreg er i ferd med å veksa fram.
- 14 Lojaliteten mot nynorsken er sterk, difor vert dei nye formene vurderte som eit tilbod og ikkje eit trugsmål.
- 15 Ei sterk tru på at språket let seg styra.
- 16 Kulturkonservativ endring i samfunnet (med endra syn på den danske tradisjonen, nytt syn på '400 års-natta' osv.).
- 17 Arven frå 1981 – opning av nynorsknorma og lukking av bokmålsnorma.
- 18 Det sit ein ny generasjon språkpolitikarar i Språkrådet.
- 19 Samnorsk-interessene i nynorsk-leiren har sterke representantar.
- 20 *Anbeheitlese*-orda vert no vurderte som gamle importord og folkemålsord.
- 21 Det er viktig å skapa ein nærnynorsk og ikkje ein avstandsnynorsk (Sandøy 1998:7–9).

6 Den aktuelle språkkonflikten

Debatten har gått høgt og motsetnadane har vore store i nynorskmiljøa rundt omkring i landet. Her er nokre eksempel på ulike meiningar frå språkstriden våren 1998 tatt frå lesarbrev i lokalavisa *Hordaland* på Vestlandet:

[...] men ein må spørja om den stendige tuklinga med nynorsken som fyrst Norsk Språknemnd og seinare Norsk Språkråd har drive, er gagnleg eller i det heile naudsynt. Regelverket i eit skriftspråk treng ro over lang tid, det gjeld ålment i alle mål, og det er gode grunnar til å sjå den stendige reformverksemda til Norsk Språkråd som utidig.

Men anten Språkrådet får vedteke framlegget sitt eller ikkje, vil nynorsk måldyrking halda fram. Byråkratane greier ikkje å ta den gleda frå nynorskbrukarane, og det som var god nynorsk frå Aasen og Vinje si tid, vil vera det i dagar etter denne òg. Romarane tala om å læra av dei klåre føredøma til dei gamle (*claris majorum exemplaris*). Slik er det i alle land, at ein lærer målet best av dei som tala og skreiv det før oss. Å halda oppe nynorsktradisjonen er ei stor og samlande oppgåve for oss alle. (*Hordaland* 14. mars 1998).

I eit omfang som gjer det vanskeleg og som overstig tilhøvi i dansketidi, vert bokmålet aust over oss i radio, fjernsyn, data, aviser, teikneseriar og vekeblad. Difor er det viktigare enn nokon gong å angripa språkundertykkjingi i staden for det språket som vert undertrykt. (*Hordaland* 21. mars 1998).

Det særmerkjer alle andre skriftmål som ein kjenner til, at dei verdset tradisjonen høgt slik at dei ikkje endrar grunnleggjande prinsipp og reglar i utide: franske ungdommar kan i dag lesa Pascal i grunnteksten, endå om det er over 300 år sidan han levde. Såleis er det, fordi franskmennene har skjøna kor viktig det er at skriftspråket held seg ubrigda frå generasjon til generasjon. [...] dette tilstandet, med eit kaos av sideformer og hovudformer og klammeformer og skiftande normalar, så ingen er trygg på kva som er tillate eller ikkje, utan å slå opp i siste utgåve av ordlista. (*Hordaland* 24. mars 1998).

Bokmålsfolka gnir seg nok i hendene over framlegga frå nynorskfolk i Norsk språkråd. Dei skjønar vel at til fleire *anbeheitlese*-ord, til meir strid i nynorskleiren. I usemja vil

nokon vinna og andre tapa. Taparane kan skifta mål, og kjem fleire *anbeheitlese*-ord inn, så vert skilnaden på normert nynorsk og bokmål liten. Kvifor då halda på nynorsken?

[...] [I] Norsk språkråd er det ein og annan som skal overta etter Ivar Aasen. Hjarta deira står i brann, og det sprutar gneistar or kjeften.

[...] Dei sprutande og gneistrande *anbeheitlese*-orda er difor ikkje nokon farande veg [...]. Dreg du den, så dreg du den, armar heller ut. Så må folk pusta ut etter eit innbyrdes tak. Det vert stille, tomt og audt, – til dess det går 10-15 år til (som språksoga syner), og så nye framlegg om ord. (*Hordaland* 4. mars 1998).

Etter snart 150 års språkutvikling er det på tide å ta eit endeleg oppgjør med *anbeheitlese*-orda og dei inkonsekvensane som rår i dag. Ser vi etter så vrirmlar det av tyske lånord i dag [...] ingen vil vel for alvor hevde at det ikkje er ein språkleg rikdom å ha fleire ord å velje mellom når ein skriv. Ei utviding av ordtilfanget i nynorsk blir meir til vinning enn til skade. Ikkje berre fordi det betyr språkleg frigjerig; ser vi funksjonelt på det, vil vi her få ein reiskap til å nyansere og variere ordbruken. Vidare vil vi oppnå ei meir akseptierende holdning til nynorsk blant dei unge, og det er dei som skal gje nynorsken ei framtid. (*Hordaland* 19. mars 1998).

[...] viss vi ikkje opnar for utviding av ordtilfanget, t.d. slik Fagnemnda for nynorsk har føreslått, vil det medverke til at det snart berre er målfolk og ein språkleg elite som skriv nynorsk. (*Hordaland* 31. mars 1998).

7 Avslutning

Motstanden mot *anbeheitlese*-orda er framleis sterk, og striden mellom motstandarane og tilhengjarane av desse gamle importorda er heit. Likevel er det i ferd med å utvikla seg ei ny haldning og ein ny praksis i høve til orda sin plass i nynorsken. *Anbeheitlese*-orda vert av fleire og fleire rekna som folkemålsord og sett på som gamle importord, og ikkje som symbol på det trugande bokmålet og den farlege dansk-norske tradisjonen. Dei gamle lånorda vert meir og meir sett på som eit tilbod enn som eit forbod i nynorsken.

Anbeheitlese-orda vert trekte fram som ei språkleg fornying for nynorsken. Opptak av *anbeheitlese*-ord kan føra til at fleire vil halda på det nynorske skriftspråket og at andre lettare vil kunne ta nynorsken i bruk. Men kampen om *anbeheitlese*-orda er ikkje avslutta, den vil stå dei komande åra, både i Språkrådet og mellom nynorskbrukarane.

Litteratur

- Kristiansen, Tore. 1993. Sidste nyt fra kampen mod de unge tunger. Risager, Karen, Anne Holmen og Anna Trosborg (red.). *Sproglig mangfoldighed – om sproglig viden og bevidsthed*. Roskilde: ADLA:88-97.
- Kristiansen, Tore. 1996. Det gode sprogsamfund: det norske eksempel. *NyS* 21:9-22.

Lauvhjell, Arnè (red.). 1983. *Heit strid om nynorsk. Dokument og meiningar 1980-83*. Oslo: Novus.

Nes, Oddvar. 1983. *Om nokre affiks i nynorsk - mest om -heit*. Bergen: Nordisk institutt.

Sandøy, Helge. 1998. Normering av ordforrådet. Om opptak av gamle importord i nynorsk. [Sakspapir til landsmøtet i Noregs Mållag 1998]. [Uprenta manus]. *Språkleg samling*. 4.1997/1.1998. 29.

Særheim, Inge. 1983. Lånord i nynorsk - forbod eller tilbod. *Stavanger Aftenblad* 29. november 1983.

Venås-tilrådinga = Tilråding om ordtilfanget i nynorsk. Av Kjell Venås, Andreas Bjørkum, Alf Hellevik, Lars S. Vikør og Dagfinn Worren. Lauvhjell, Arne (red.). 1983:15-44.

Årsmelding 1997. Utkast til årsmelding for Norsk språkråd. [Uprenta manus].

Aasen, Ivar. 1850. *Ordbog over det norske Folkesprog*. Kristiania.

Aasen, Ivar. 1873. *Norsk Ordbog*. [2. utg.]. Christiania.

Anbeheitlese-ord i Fagnemnda sitt vedtak i 1997 (74 ord; 16 an-, 29 be-, 4 -heit og 25 -else):

an-:	be-:	-heit:	-else:
anerkjenne	bearbeide	ferdigheit	aktelse
angå	bederva	rådigheit	anskaffelse
anløp	bedrøve	skjønneheit	begåvelse
anrop	bedugga	øvrighet	betingelse
anskaffelse	bedyre		bevegelse
anslag	befolke		forbindelse
anslagsvis	beføle		forbrytelse
anslå	begåva		fordervelse
anspenne	begåvelse		forferdelse
anstrengje	behøve		forlystelse
anstøyt	bekrefta		fornøyelse
anta	belage		hukommelse
antakeleg [-lig-]	belyse		innskytelse
antaste	belære		kjennelse
antydde	benåde		medfølelse
anvende	beraist		omgjevelse/-gi-
	besjele		oppbyggjelse
	beskjeden		opprinnelse
	beskjere		oppstandelse
	beskytte		salvelse
	beslekta		skikkelse
	bestikke		skuffelse
	betakke		størrelse
	betenkje		uttalelse
	betinge		væreelse
	betingelse		
	betrakte		
	bevege		
	bevegelse		